

Grunnstøting ved Klovningen

Ture Andersen har delt denne gamle strilesoga med oss, om då dampen gjekk på grunn ved Klovningen.

Far min døydde for 31 år sidan. Han var mannskap (billettør) på fleire av dampbåtane som gjekk til Nordhordland - og segla under heile krigen. Han fortalde ofte om denne tida; og noko av det mest dramatiske som hende var då dampen «gjekk på land» ved den vesle holmen Klovningen. Denne holmen ligg på vestsida av Radøy nordom Skageneset. Eg nyttar berre min hukommelse i denne saka, og ber om orsaking om noko skulle vera feil.

Den verste av alle rutene dei gjekk; var den såkalla Nordanger-ruta. I denne ruta fekk mannskapet ombord i dampen mest ikkje søvn i det heile. Om eg hugsar rett, hende grunnstøtinga på Klovningen tidleg om morgonen. Min far hadde lugar nær baugen av båten - og han hadde nett sovna. Då båten dundra på land, vart han bråvaken.

- Dette gjekk etter meg i fleire år etterpå, sa han.

(Han kunne vakna midt på natta og spretta or senga si).

Opp på dekk bar det; og mannskapet fekk sjøsett ein såkalla «travaljebåt» (ordet er henta frå det franske verbet; å arbeida). Dampen hadde «klatra» med baugen godt opp på holmen - og held på å ta inn vatn på akterenden. Gjorde han det, ville han gå ned som ein stein. Somme spreke karar greidde klatra ned på Klovningen. Mannskapet nytta travalbåten til å ro i land kvinner og hylande ungar. Far min lo godt då han fortalde at tilmed grisungar ombord vart frakta på trygg grunn med denne vesle arbeidsbåten.

Heile tida var mannskapet livredde for at dampen skulle ta inn vatn bak, få «kjela-sprenging», og søkja.


Kapteinen ombord kontakta hovudkontoret i Bergen, og fortalde om denne dramatiske hendinga. Ein dampdriven slepebåt vart sendt frå Bergen; og etter mange timars seglas, var han framme ved havaristen. Ombord i denne slepebåten var ein leiar frå dette rederiet, samt ein representant frå forsikringselskapet. Karen frå rederiet var ein stor luring: Han tok med godt brennevin slik at representanten frå forsikringselskapet var meir eller mindre full då dei nådde Klovningen. Slik gjekk skade-oppgjeret heilt greit.

Ved flo sjo starta slepebåten sitt arbeid: Først sleppte han ut anker. Såleis fekk han brukt både propellkraft samt krafta frå anker - vinsjen. Dampen vart enkelt dregen ned frå Klovningen og kunne tauast til verft for reparasjon.

Far min slutta som mannskap



KYSTSØGEVEKENE: Samling i Holmeknappen, med veteranskipa Vestgar, Oster og hurtigruteskipet Lofoten.



KLOVNINGEN: Ein liten holme nord for Skageneset på Radøy.

på dampbåtane i 1946 og vart småbrukar på Holme - i tillegg hadde me rikstelefonstasjonen for Vestbygd. Som liten gutt på slutten av 1940-talet, var eg med han til byen med dampen for å handla. Han kjende sjølvstalt alt mannskap ombord; og det bar alltid rett opp til kapteinen på brua for hyggjeleg samtale på veg mot Bergen. Eg hugsar at kapteinen forklarte meg, småkaren, om ymse ting på brua. Maskintelegrafan var ein stor hendel som gav signal ned til maskinisten: Fullt forover - halv forover - standby osv.

Når kapteinen drog i denne; kom eit kraftig ringesignal som ein hørde over heile båten - dampmaskina laga svært lite støy; og det var alltid varmt og godt ombord. Då me nærma oss Hanevik på Askøy i denne såkalla Herdlefjord-ruta, tok kapteinen maskintelegrafan og drog han heilt ned til full akterover og tilbake til full forover i ein manøver. Eg undra kvifor




SAMLING: Veteranbåtene Atloy, Oster, Granvin og Riskafjord 2. Foto: Strilen

han gjorde dette, og forklaringa var enkel: Dette var for å gjemmel til maskinisten at han måtte koma i posisjon for å styra dampmaskina etter ordre frå brua - me nærma oss land.

Eg nytta også høvet til å kikka ned i maskinrommet. Når maskina skulle stillast frå framover til standby og akterover; sveiva

maskinisten på nokre små hjul - og denne sveivinga gjekk i eit enormt tempo. Det kom nokre kraftige blåselydar frå maskina i det stempla stod i ro. Så vart det stille ei stund medan dampbåten nærma seg kaien; og maskintelegrafan gav så ordre om «fullt akterover». Maskinisten sveiva dei små hjula i forrykande



RESTAURERT: D/5 Oster på veg under Alversundbrua. Foto: Strilen

tempo, og den kraftige akslingen gjekk andre vegen for å «bakka opp dampen». Det gjekk også eit jarn-røyrt frå brua og ned i maskinrommet, og det var ein propp i røyret som kapteinen løfta vekk om han ville snakka med maskinisten.

Nokre plakatar var hengde opp ombord. På ein stod det: «Livbelte finst på brui og brudekk i kassar og skap, merkte: Livbelte». På ein annan nede i salongen: «Sput inkje på golvet».

Det er kjekt at gamledampen «Oster» er restaurert og seglar med dampmaskin att. Men denne maskina er diverre oljefyr. Dei gamle dampane var «kolafyrte»: Då får ein den rette gamle og gode lukta i båten. Så langt eg veit er dampen «Borøysund» kolafyrte.

Innsendt av Ture Andersen